

## MØTEPROTOKOLL

### BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE

**Møtedato:** 26.03.2026**Møtestad:** Kommunestyresalen 4. et.,  
Bjørnafjorden rådhus**Møtetid:** 16:00 - 18:34**Behandla saker:** 16-29/2026

| <b>Møteleiar:</b> | <b>Parti:</b> |
|-------------------|---------------|
| Terje Søviknes    | FrP           |

| <b>Møtedeltakarar:</b>        | <b>Parti:</b> |
|-------------------------------|---------------|
| Arild Ernst Legland           | FrP           |
| Asle Olsen                    | SV            |
| Bjarte Aarvik                 | FrP           |
| Carl-André Dahl               | Ap            |
| Christian Lyngbø              | FrP           |
| Dag Tore Markhus              | INP           |
| Eirik André Hesthamar         | FrP           |
| Emil Tetlie Brimsholm         | H             |
| Erik Oltedal Lunde            | H             |
| Gustav Bahun                  | FrP           |
| Hans Vindenes                 | H             |
| Hege Aase Tysnes              | SP            |
| Helge Steinum                 | Ap            |
| Ivar Hellebø                  | Ap            |
| Jakob Enerhaug                | KrF           |
| Jon Grindevoll                | FrP           |
| Julia Vetaas                  | Ap            |
| Kristin Sjøteland-Larsson     | H             |
| Laila Marie Reiertsen         | FrP           |
| Lin Cathrin Brunborg Anthun   | H             |
| Lina Kristine T. Vatshelle    | SV            |
| Lisbeth Lunde Axelsen         | H             |
| Marianne Hjelte               | FrP           |
| Marie Elisabeth Lunde Bruarøy | H             |
| Nils Ove Lauvik               | Uavh          |
| Nils-Anders Nøttseter         | MDG           |
| Ole Reinert Berg-Olsen        | V             |
| Ole Viggo Skaathun            | FrP           |
| Ove Frotvedt                  | FrP           |
| Richard Markhus               | Ap            |
| Rolf Andre Inde Kjærstad      | FrP           |
| Stig Endre Nilsen             | FrP           |
| Terje Sperrevik               | SP            |

|                     |     |
|---------------------|-----|
| Terje Søviknes      | FrP |
| Thomas Ryland Olsen | FrP |
| Tommy Sævareid      | INP |
| Trine Lindborg      | Ap  |

| <b>Forfall meldt frå følgjande medlemmer:</b> | <b>Parti:</b> |
|-----------------------------------------------|---------------|
| Arve Samnøy                                   | H             |
| Espen Aspenes                                 | FrP           |
| Espen Engevik                                 | FrP           |
| Hege Bjørnør                                  | SV            |
| Ingrid Øksnes                                 | FrP           |
| Jo Rune Ugulen Kristiansen                    | Ap            |
| Jon-Ivar Revne                                | INP           |
| Jonn Garvik                                   | FrP           |
| Line Furubotn Storum                          | Ap            |

| <b>Følgjande varamedlemmer møtte:</b> | <b>Parti:</b> |
|---------------------------------------|---------------|
| Arild Ernst Legland                   | FrP           |
| Carl-André Dahl                       | Ap            |
| Christian Lyngbø                      | FrP           |
| Dag Tore Markhus                      | INP           |
| Erik Oltedal Lunde                    | H             |
| Ivar Hellebø                          | Ap            |
| Jon Grindevoll                        | FrP           |
| Lina Kristine T. Vatshelle            | SV            |
| Lisbeth Lunde Axelsen                 | H             |
| Ove Frotvedt                          | FrP           |
| Stig Endre Nilsen                     | FrP           |

#### **Frå administrasjonen møtte:**

Kommunedirektør Arild M. Steine, kommunalsjefane Monica Totland Melvold, Line Rye og Eystein J. Venneslan, økonomisjef Ingrid Karin Kaalaas, HR-sjef Ingrid Kristin Askvik, rådgivar Ingrid E. Tøsdal og møtesekretær Elisabeth Vinje Nydal

#### **Orientering:**

**Møteprotokoll blir elektronisk godkjend i påfølgande møte.**

# Sakliste

| <b>Saksnr</b>  | <b>Arkivsaksnr./Tittel</b>                                                               |
|----------------|------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>16/2026</b> | 26/2680<br>Godkjenning av innkalling, møteprotokoll og sakliste                          |
| <b>17/2026</b> | 25/2999<br>Årsmelding Eldrerådet 2025                                                    |
| <b>18/2026</b> | 25/3004<br>Årsmelding Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2025                    |
| <b>19/2026</b> | 23/7633<br>Årsrapport for Kontrollutvalet 2025                                           |
| <b>20/2026</b> | 25/625<br>Avkastningsrapport pr desember 2025                                            |
| <b>21/2026</b> | 26/931<br>Avkastningsrapport pr januar 2026                                              |
| <b>22/2026</b> | 26/1153<br>Framtidas bibliotek i Bjørnafjorden                                           |
| <b>23/2026</b> | 26/1765<br>Ny prosjektramme - prosjekt 6090 Nytt ventilasjonsanlegg - Osbadet            |
| <b>24/2026</b> | 26/1717<br>Vurdering av etablering av tilrettelagt avdeling for barn med særskilde behov |
| <b>25/2026</b> | 23/8782<br>Søknad om fritak frå politisk verv                                            |
| <b>26/2026</b> | 26/1734<br>Høyringsssvar til høyring av NOU 2026: 1 En bærekraftig kommunesektor         |
| <b>27/2026</b> | 20/14788<br>Høyring av byutgreiinga for Bergens-området 2025                             |
| <b>28/2026</b> | 26/2680<br>Spørsmål                                                                      |
| <b>29/2026</b> | 26/2680<br>Interpellasjon                                                                |

## **16/2026 - GODKJENNING AV INNKALLING, MØTEPROTOKOLL OG SAKLISTE**

---

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Det var ingen merknader til innkallinga.  
Møteprotokoll frå 19.02.2026 blei godkjend.  
Det var ingen merknader til sakslista.

## **Behandling og vedtak i sak 16/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 26.03.2026**

---

### **Behandling:**

Møtet blei sett kl. 16:00.

Dag Tore Markhus, INP var ikkje tilstades ved møtestart.  
Det er 34 stemmeføre i salen.

Innkallinga blei godkjent.  
Møteprotokoll frå 19.02.2026 blei godkjent.

Merknader til saklista frå ordførar Terje Søviknes, FrP:

- Saklista teller sakane 16-29/2026
- Det er ingen innkomne spørsmål, Sak 28/2026 utgår
- Det er ingen innkomne interpellasjonar. Sak 29/2026 utgår.
- Sakane 17/2026 og 18/2026 blir opna med ei innleiing frå rådsleiarane.
- Sak 19/2026 blir innleia av utval sleiar

Dag Tore Markhus, INP ankom møtet kl. 16:03  
Det er 35 stemmeføre i salen.

Saklista blei godkjent med merknader.

### **Vedtak:**

Det var ingen merknader til innkallinga.  
Møteprotokoll frå 19.02.2026 blei godkjend.  
Saklista blei godkjent med merknader.

## **17/2026 - ÅRSMELDING ELDRERÅDET 2025**

---

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Årsmeldinga for Bjørnafjorden eldreråd for 2025 blir godkjend.

## **Behandling og vedtak i sak 17/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 26.03.2026**

---

### **Behandling:**

Rådsleiar Bjørn Sivertsen la frem årsmeldinga til Bjørnafjorden eldreråd.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

**Vedtak:**

Årsmeldinga for Bjørnafjorden eldreråd for 2025 blir godkjend.

---

**18/2026 - ÅRSMELDING RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE 2025**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Årsmelding for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne for 2025 blir godkjend.

---

**Behandling og vedtak i sak 18/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 26.03.2026**

**Behandling:**

Rådsleiar Eirik Andre Hesthamar, FrP la frem årsmeldinga til Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

**Vedtak:**

Årsmelding for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne for 2025 blir godkjend.

---

**19/2026 - ÅRSRAPPORT FOR KONTROLLUTVALET 2025**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret tek årsrapport frå kontrollutvalet for 2025 til orientering.

---

**Behandling og vedtak i sak 19/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 26.03.2026**

**Behandling:**

Utvalseiar Richard Markhus, Ap la frem årsrapporten for Kontrollutvalet.

Votering:

Kontrollutvalet si innstilling blei einstemmig vedtatt.

**Vedtak:**

Kommunestyret tek årsrapport frå kontrollutvalet for 2025 til orientering.

**20/2026 - AVKASTNINGSRAPPORT PR DESEMBER 2025**

---

**Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 12.03.2026 - 20/2026**

Kommunestyret tar avkastningsrapport pr. desember 2025 frå Norne Securities til orientering.

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret tar avkastningsrapport pr. desember 2025 frå Norne Securities til orientering.

**Behandling og vedtak i sak 20/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 26.03.2026**

---

**Behandling:**

Votering:

Innstillinga frå Bjørnafjorden formannskap blei einstemmig vedtatt.

**Vedtak:**

Kommunestyret tar avkastningsrapport pr. desember 2025 frå Norne Securities til orientering.

**21/2026 - AVKASTNINGSRAPPORT PR JANUAR 2026**

---

**Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 12.03.2026 - 21/2026**

Kommunestyret tar avkastningsrapport pr. januar 2026 frå Norne Securities til orientering.

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret tar avkastningsrapport pr. januar 2026 frå Norne Securities til orientering.

**Behandling og vedtak i sak 21/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 26.03.2026**

---

**Behandling:**

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

**Vedtak:**

Kommunestyret tar avkastningsrapport pr. januar 2026 frå Norne Securities til orientering.

**22/2026 - FRAMTIDAS BIBLIOTEK I BJØRNAFJORDEN**

---

**Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 12.03.2026 - 24/2026**

Bjørnafjorden kommunestyre tek rapporten om *Framtidas bibliotek* til orientering.

1. Bemanninga ved Bjørnafjorden bibliotek vert vidareført som i dag.
2. Kommunedirektøren arbeider vidare med nye og mindre lokale for hovudbiblioteket i Os sentrum.

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Bjørnafjorden kommunestyre tek rapporten om *Framtidas bibliotek* til orientering.

1. Bemanninga ved Bjørnafjorden bibliotek vert vidareført som i dag.
2. Kommunedirektøren arbeider vidare med nye og mindre lokale for hovudbiblioteket i Os sentrum.

**Behandling og vedtak i sak 22/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 26.03.2026**

---

**Framlegg til vedtak frå Asle Olsen, SV - Sosialistisk venstreparti**

**Alternativt framlegg til vedtak frå SV, MDG og V**

Bjørnafjorden kommunestyre tek rapporten om *Framtidas bibliotek* til orientering.

1. Bemanninga ved Bjørnafjorden bibliotek vert vidareført som i dag.
2. Kommunedirektøren arbeider vidare med nye lokale for hovudbiblioteket i Os sentrum. Arealbehovet må vurderast som del av dette arbeidet. Behovet må forankres med tenesteutvalet.

**Framlegg til vedtak frå Hege Aase Tysnes, Senterpartiet**

**Alternativ punkt 2 - fellesframlegg**

**Kommunestyret legg til grunn at framtidas bibliotek skal utviklast på ein måte som sikrar eit godt og framtidsretta tilbod.**

**Areal og utforming skal sikre at biblioteket si rolle som open og gratis møteplass i Os sentrum vert oppretthalde, og at det vert lagt til rette for møteverksemd, frivillig aktivitet, samarbeid med skule og funksjonar som fremjar leselyst, kultur og integrering.**

Det vidare arbeidet med framtidas bibliotek må forankres i tenesteutvalet.

**Behandling:**

Thomas Ryland Olsen, FrP ba Bjørnafjorden kommunestyret vurderer hans habilitet i saka. Representanten sin mor jobbar på biblioteket.

Thomas Ryland Olsen, FrP forlet møtet. Det er ikkje inn kalla inn vara i hans stad.

Det er 34 stemmeføre i salen under habilitetsvurderinga.

Råd frå juridisk rådgivar:

Thomas Ryland Olsen, Frp, er under tvil inhabil vurdert ut frå opplysningane pr no. Kommuneleva § 11 -10, 1. ledd jf. Forvaltningslova 6 2. ledd . Det må vera ei særinteresse av ein viss størrelse og betydning, eit særlege forhold som er eigna til å svekka upartiskheten. Representanten er inhabil etter 2. leddet om særlege grunnar då hans nærstående, mor hans, har slik tilknytning til sak, som er eigna til å skape tvil til repr. sin upartiskhet.

Mor hans har ein ordinær fast stilling, i Bjørnafjorden kommune, f.t. i biblioteket; der drift og eller bemanning kan verta påverka av utfallet av saka jf. innsparingskravet i tidlegare kommunestyrevedtak.

Representanten Marianne Hjelle, FrP informerte Bjørnafjorden kommunestyret om at kjæresten til son hennar har ei deltidsstilling på biblioteket.

Bjørnafjorden kommunestyre erklærte Thomas Ryland Olsen, FrP einstemmig inhabil i saka. Det er 34 stemmeføre under behandlinga av saka.

Kl. 16:50 overtok varaordfører Marie Bruarøy, H møteleiinga under Terje Søviknes, FrP sitt ordsifte.

Kl. 16:57 overtok ordfører Terje Søviknes, FrP møteleiinga igjen.

Møtet blei midlertidig heva kl. 17:00

Møtet blei sett att kl. 17:09

Asle Olsen, SV trakk sitt alternative forlag til vedtak.

Votering:

Innstillinga frå Bjørnafjorden formannskap punkt 1 blei einstemmig vedtatt.

Innstillinga frå Bjørnafjorden formannskap punkt 2 blei satt opp mot endringsforslag fremma av Hege Aase Tysnes, Sp.

Innstillinga frå Bjørnafjorden formannskap punkt 2 fekk ingen stemmer og fall.

Fellesforslag fremma av Hege Aase Tysnes, Sp blei einstemmig vedtatt.

Etter behandlinga av saka tok Thomas Ryland Olsen, FrP plass i møtet.

Det er 35 stemmeføre i salen.

Lin Cathrin B. Anthun ankom møtet kl. 17:14 og Erik Oltedal Lunde, H forlet møtet.

## **Vedtak:**

Bjørnafjorden kommunestyre tek rapporten om *Framtidas bibliotek* til orientering.

1. Bemanninga ved Bjørnafjorden bibliotek vert vidareført som i dag.
2. **Kommunestyret legg til grunn at framtidas bibliotek skal utviklast på ein måte som sikrar eit godt og framtidretta tilbod.**

**Areal og utforming skal sikre at biblioteket si rolle som open og gratis møteplass i Os sentrum vert oppretthalde, og at det vert lagt til rette for møteverksemd, frivillig aktivitet, samarbeid med skule og funksjonar som fremjar leselyst, kultur og integrering.**

Det vidare arbeidet med framtidens bibliotek må forankres i tenesteutvalet.

## **23/2026 - NY PROSJEKTRAMME - PROSJEKT 6090 NYTT VENTILASJONSANLEGG - OSBADET**

---

### **Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 12.03.2026 - 23/2026**

Bjørnafjorden kommunestyre tek saka til etterretning og vedtar å auke kostnadsramma i prosjektet til 5,5 mill.kr. Kommunestyret ber om at auken i kostnadsramma vert innarbeidd i budsjett for 2027.

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Bjørnafjorden kommunestyre tek saka til etterretning og vedtar å auke kostnadsramma i prosjektet til 5,5 mill.kr. Kommunestyret ber om at auken i kostnadsramma vert innarbeidd i budsjett for 2027.

### **Behandling og vedtak i sak 23/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 26.03.2026**

---

#### **Behandling:**

Kommunalsjef Eystein J. Vennesland orienterte i saka.

#### **Votering:**

Innstillinga frå Bjørnafjorden formannskap blei einstemmig vedtatt.

#### **Vedtak:**

Bjørnafjorden kommunestyre tek saka til etterretning og vedtar å auke kostnadsramma i prosjektet til 5,5 mill.kr. Kommunestyret ber om at auken i kostnadsramma vert innarbeidd i budsjett for 2027.

## **24/2026 - VURDERING AV ETABLERING AV TILRETTELAGT AVDELING FOR BARN MED SÆRSKILDE BEHOV**

---

### **Vedtak som innstilling frå Tenesteutvalet - 10.03.2026 - 12/2026**

Bjørnafjorden kommune skal nytte og vidareutvikle dei systema som allereie finst, utan å etablere eigen tilrettelagt avdeling.

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Bjørnafjorden kommune skal nytte og vidareutvikle dei systema som allereie finst innanfor eksisterande skular, utan å etablere eigen tilrettelagt avdeling.

### **Behandling og vedtak i sak 24/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 26.03.2026**

---

#### **Behandling:**

Thomas Ryland Olsen, FrP fekk innvilga permisjon frå møtet kl. 17:37 , vara resten av møtet er Jon Grindevoll, FrP

Skulesjef Janne Eik orienterte i saka.

Votering:  
Innstillinga frå Tenesteutvalet blei einstemmig vedtatt

#### **Vedtak:**

Bjørnafjorden kommune skal nytte og vidareutvikle dei systema som allereie finst, utan å etablere eigen tilrettelagt avdeling.

### **25/2026 - SØKNAD OM FRITAK FRÅ POLITISK VERV**

---

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Jan Petter Leirvåg, INP, får fritak for sitt verv som 6. varamedlem for INP.

### **Behandling og vedtak i sak 25/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 26.03.2026**

---

#### **Framlegg til vedtak frå , Justert forslag til vedtak**

Jan Petter Leirvåg, INP får fritak for sitt verv som 6. varamedlem for INP  
Nytt 6. varamedlem for INP blir Anja Håvardstun Iversen

#### **Behandling:**

Votering:  
Justert framlegg til vedtak blei einstemmig vedtatt.

#### **Vedtak:**

Jan Petter Leirvåg, INP får fritak for sitt verv som 6. varamedlem for INP  
Nytt 6. varamedlem for INP blir Anja Håvardstun Iversen

### **26/2026 - HØYRINGSSVAR TIL HØYRING AV NOU 2026: 1 EN BÆREKRAFTIG KOMMUNESEKTOR**

---

#### **Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 12.03.2026 - 28/2026**

Bjørnafjorden kommunestyre vedtek å senda den vedlagte høringsuttalen til NOU 2026: 1  
*En bærekraftig kommunesektor* inn til kommunal og distriktsdepartementet.

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Bjørnafjorden kommunestyre vedtek å senda den vedlagte høringsuttalen til NOU 2026: 1  
*En bærekraftig kommunesektor* inn til kommunal og distriktsdepartementet.

**Framlegg til vedtak frå Nils-Anders Nøttseter, Miljøpartiet dei grøne**

**Kutte 3 deltema**

- Kutte andre kulepunkt under 3.2
- Kutte 6.4.1
- Kutte 6.4.3

**Framlegg til vedtak frå Trine Lindborg, Arbeidarpartiet**

**Endringsforslag punkt. 3.2 Lærarnorma og punkt.3.3 Kompetansekrav i helse og omsorg**

### **3.2 Lærarnorma:**

Kommunestyret er opptekne av at det frå statleg hald sikrast ei vidareføring av minstenorm for lærartettleik på skulenivå. Bjørnafjorden kommune støttar difor ikkje framlegget om å avvika lærarnorma eller legge den til kommunenivå, Bjørnafjorden kommune vil behalda lærarnorma på skulenivå.

Med ei statleg norm sikrar ein at stat og kommune arbeider mot same mål om å skape og ivareta ein god grunnskulekvardag for born, ungdom og tilsette i heile landet. Lærarnorma sikrar ei stabil og føreseieleg minstebemanning, noko som er avgjerande for å kunna planleggja og gjennomføra undervisninga på ein tilpassa og forsvarleg måte. Samstundes styrkjer norma arbeidskvardagen og gjer læraryrket meir attraktivt.

### **3.3 Kompetansekrav i helse og omsorg.**

Bjørnafjorden kommune støttar ikkje forslaget om å avvika kompetansekrava i helse- og omsorgstenesta. Å svekkja desse krava, vil opna for at kommunar kan erstatta faglært personell med ufaglærte i tenester der kvalitet og pasienttryggleik er avgjerande.

Samtidig vil kommunestyret understreka at framtidens helsetenester treng mange fleire hender, både faglærte og ufaglærte. Ufaglærte spelar ei viktig rolle i oppgåver som ikkje krev formell helsefagleg kompetanse. Ei berekraftig teneste krev god og tydeleg oppgåvefordeling, der kvar yrkesgruppe får bruka kompetansen sin på rett område.

Slik sikrar vi sterke fagmiljø, god ressursbruk og at innbyggjarane får trygge og fagleg solide tenester. Ein må også sjå på korleis ein kan nytta interkommunalt samarbeid for å sikra tenester og profesjonar til alle kommunar.

**Framlegg til vedtak frå Hege Aase Tysnes, Senterpartiet**

**Endringforslag punkt 3.5 Grunnskuletilskot**

**Bjørnafjorden kommune støttar ikkje forslaget om å avvika grunnskuletilskotet.**

**Tilskotet er eit tydeleg uttrykk for verdien av ein desentralisert skulestruktur, og eit avgjerande verkemiddel for å sikre nærsular, gode tenester og levande lokalsamfunn.**

**Kommunestyret meiner difor at grunnskuletilskotet må oppretthaldast og styrkast.**

### **Behandling:**

Votering:

Endringsforslag fremma av Nils-Anders Nøttseter, MDG punkt 3.2 fekk 1 stemme (1MDG) og fall

Endringsforslag fremma av Trine Lindborg, Ap punkt 3.2 fekk 15 stemmer (6Ap, 2INP, 1KrF, 1V, 1Uavh., 2SV, 2SP) og fall

Opprinneleg forslag til vedtak punkt 3.2 fekk 19 stemmer (13FrP, 6H) og blei vedtatt

Endringsforslag fremma av Trine Lindborg, Ap punkt 3.3 fekk 17 stemmer ( 6Ap, 2INP, 1KrF, 1MDG, 1V, 1Uavh., 2SV, 2Sp, 1H-Lin C. B. Anthun) og fall

Opprinneleg forslag til vedtak punkt 3.3 fekk 19 stemmer (13FrP, 6H) og blei vedtatt

Endringsforslag fremma av Hege Aase Tysnes Sp punkt 3.5 fekk 4 stemmer (2Sp, 1KrF, 1Ap - Richard Markhus) og fall  
Opprinneleg forslag til vedtak punkt 3.5 fekk 22 stemmer (13FrP, 6H, 2INP, 1MDG) og blei vedtatt

Endringsforslag fremma av Nils-Anders Nøttseter, MDG punkt 6.4.1 fekk 3 stemmer (1MDG, 2SV) og fall  
Endringsforslag fremma av Nils-Anders Nøttseter, MDG punkt 6.4.3 fekk 3 stemmer (1MDG, 2SV) og fall  
Opprinneleg forslag til vedtak punkt 6.4.1 og 6.4.3 fekk 21 stemmer (13FrP, 6H, 2INP) og blei vedtatt

Øvrige deler av det opprinnelege forslaget blei vedtatt mot 10 stemmer (6Ap, 2SV, 1KrF, 1Uavh.)

#### **Vedtak:**

Bjørnafjorden kommunestyre vedtek å senda den vedlagte høyringsuttalen til NOU 2026: 1  
*En bærekraftig kommunesektor* inn til kommunal og distriktsdepartementet.

### **27/2026 - HØYRING AV BYUTGREIINGA FOR BERGENS-OMRÅDET 2025**

---

#### **Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 12.03.2026 - 27/2026**

Kommunestyret gir følgande høyringsuttale til byutgreiinga for Bergens-området 2025:

Dersom avstand som er koda i tiltaksbane 3 (all vekst i regional vekstsone) er 4 km for Bjørnafjorden kommune, og ikkje 2 km slik det kjem fram av dokumentasjonsnotatet, så må dette rettast opp.

Bjørnafjorden kommune har godkjent planprogram for kommuneplanen sin arealdel i desember 2025. Det er vedtatt at senterstruktur i KDPA for Bjørnafjorden vest 2023 - 2035 skal ligge fast. Denne senterstrukturen er i tråd med regionale planar.

Det må bli opna for at også frontkommunane kan forhandle om konkrete tiltak i reforhandlingane. Kommunestyret ber om at Statens vegvesen gjer transportmodellberekningar og vurderingar av følgande prosjekt:

- Fv 552 Hauge – Osøyro (gang og sykkelveg)
- Kollektivterminal og innfartsparkering Osøyro
- Lyseparken - Byvegen (gang- og sykkelveg)
- Innfartsparkering Lysefjorden
- Fv 552 Moberg – Osøyro (fortau)

Alle tiltak som inngår i reforhandlingane bør også bli vurdert ut frå andre viktige mål som framkome, beredskap og trafikktryggleik.

Alle tiltaka bør bli vurdert i forhold til nytteprinsippet for bompenggeopplegget. Bompenggeopplegget med rabattordningar og styringsmekanismar for gjennomsnittstaksten bør vere del av reforhandlingane.

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret gir følgande høyringsuttale til byutgreiinga for Bergens-området 2025:

Dersom avstand som er koda i tiltaksbane 3 (all vekst i regional vekstsone) er 4 km for Bjørnafjorden kommune, og ikkje 2 km slik det kjem fram av dokumentasjonsnotatet, så må dette rettast opp.

Bjørnafjorden kommune har godkjent planprogram for kommuneplanen sin arealdel i desember 2025. Det er vedtatt at senterstruktur i KDPA for Bjørnafjorden vest 2023 - 2035 skal ligge fast. Denne senterstrukturen er i tråd med regionale planar.

Det må bli opna for at også frontkommunane kan forhandle om konkrete tiltak i reforhandlingane. Kommunestyret ber om at Statens vegvesen gjer transportmodellberekningar og vurderingar av følgande prosjekt:

- Fv 552 Hauge – Osøyro (gang og sykkelveg)
- Kollektivterminal og innfartsparkering Osøyro
- Lyseparken - Byvegen (gang- og sykkelveg)
- Innfartsparkering Lysefjorden
- Fv 552 Moberg – Osøyro (fortau)

Alle tiltak som inngår i reforhandlingane bør også bli vurdert ut frå andre viktige mål som framkome, beredskap og trafikktryggleik.

Alle tiltaka bør bli vurdert i forhold til nytteprinsippet for bompenggeopplegget. Bompenggeopplegget med rabattordningar og styringsmekanismar for gjennomsnittstaksten bør vere del av reforhandlingane.

### **Behandling og vedtak i sak 27/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 26.03.2026**

#### **Behandling:**

Votering:

Innstillinga frå Bjørnafjorden formannskap blei einstemmig vedtatt.

Møtet blei heva kl. 18:34

**Vedtak:**

Kommunestyret gir følgende høringsuttale til byutgreinga for Bergens-området 2025:

Dersom avstand som er koda i tiltaksbane 3 (all vekst i regional vekstsone) er 4 km for Bjørnafjorden kommune, og ikkje 2 km slik det kjem fram av dokumentasjonsnotatet, så må dette rettast opp.

Bjørnafjorden kommune har godkjent planprogram for kommuneplanen sin arealdel i desember 2025. Det er vedtatt at senterstruktur i KDPA for Bjørnafjorden vest 2023 - 2035 skal ligge fast. Denne senterstrukturen er i tråd med regionale planar.

Det må bli opna for at også frontkommunane kan forhandle om konkrete tiltak i reforhandlingane. Kommunestyret ber om at Statens vegvesen gjer transportmodellberekningar og vurderingar av følgende prosjekt:

- Fv 552 Hauge – Osøyro (gang og sykkelveg)
- Kollektivterminal og innfartsparkering Osøyro
- Lyseparken - Byvegen (gang- og sykkelveg)
- Innfartsparkering Lysefjorden
- Fv 552 Moberg – Osøyro (fortau)

Alle tiltak som inngår i reforhandlingane bør også bli vurdert ut frå andre viktige mål som framkome, beredskap og trafikktryggleik.

Alle tiltaka bør bli vurdert i forhold til nytteprinsippet for bompengeopplegget. Bompengeopplegget med rabattordningar og styringsmekanismar for gjennomsnittstaksten bør vere del av reforhandlingane.

**28/2026 - SPØRSMÅL**

---

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

**Behandling og vedtak i sak 28/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 26.03.2026**

---

**Behandling:**

Det var ingen innkomne spørsmål, saka utgår

**Vedtak:**

Saka utgår

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

**Behandling og vedtak i sak 29/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 26.03.2026**

---

**Behandling:**

Det var ingen innkomne interpellasjoner, saka utgår

**Vedtak:**

Saka utgår